

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKLALLING

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tirsdag, 30.10.2012 kl. 16.05 i Høgda på Øynasenteret

SAKLISTE:

- Sak 36/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. september 2012
« 37/12 - Plan for forvaltningsrevisjon – Stranda kommune
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 27.09. 2012 kl. 16.05
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Tove Iren Knivsflå

= **5 voterande**

Svein Kvaløy hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå Stranda Kommune møtte rådmann Ann Kristin Langeland og økonomisjef Ståle Anker Ljøen.
Frå Strandafjellet KF møtte styreleiar Rolf Myklebost i sak 32/12.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 27/12
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 18. JUNI 2012**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 18. juni 2012 blir godkjent.

**SAK 28/12
VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Saksutgreiing datert 18.09.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet for 2013 blir sett til kr 50.000,-.

2. Forvaltningsrevisjon utover vedteken plan for perioden 2011 – 2015 eller andre ekstraoppgåver må finansierast direkte av Stranda kommune.

SAK 29/12
OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALSAK 09/12

Arbeidsfordelinga er som følgjer:

Inge Gjærde følgjer opp saksdokument og vedtak i føretaka. Tilsvarande for Randi Strand Overaa blir formannskapet, Magnar Furset tek utval for Miljø og Kommunalteknikk, Svein Kvaløy tek Kommuneplanutvalet og utvalet for Miljø og Kommunalteknikk og Eva Rinde Habostad tek Helse, Oppvekst og Kulturutvalet. Vidare følgjer alle opp saksdokumenta i kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Forhold som medlemmane ønskjer å ta opp som følgje av gjennomgangen, blir tekne opp med leiar som igjen tek desse opp med kontrollutvalsekretariatet. Kontrollutvalet bør orienterast om alle saker som blir innrapportert, og i tvilstilfelle avgjere vidare oppfølging.

SAK 30/12
**ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2012 OG DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN
TIL STRANDA KOMMUNE FORØVRIG**

Saksutgreiing datert 18.09.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Økonomirapport for 2. tertial 2012 kunne ikkje leggast fram i møtet. Det vart opplyst at forventa årsunderskot ville utgjere eit betydeleg større beløp enn 4,7 mill. kroner som var prognosene ved førre økonomirapport frå 1. tertial 2012. Ein forpliktande plan for økonomiske innsparinger skal opp til behandling i oktober 2012.

Økonomisk rapportering utover tertialrapporteringane har i stor grad vore fråværande. Rådmannen har ei målsetting om månadleg rapportering frå 1. januar 2013.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa om kommuneøkonomien gitt i møte 27.09.2012 til vitande.
2. Kontrollutvalet viser til utvalet si løpende oppfølging over fleire år om kommunen si økonomiske utvikling og ser med auka uro på den veksande lånegjelda, negative driftsresultat over lang tid, tomme disposisjonsfond og stort oppsamla underskot. Prognosane for 2012 ser ut til å forsterke denne negative utviklinga.
3. Vi viser elles til fylkesmannens vedtak om oppheving av budsjettvedtak og krav om ny handsaming av budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015 innan 20. oktober i år.
Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka etter at kommunestyret har vedteke ny økonomiplan etter dei retningslinene fylkesmannen krev.

SAK 31/12**REKNESKAPSRAPPORT DRIFT PR. 20.08.2012 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å utsette.

SAK 32/12**ORIENTERING FRÅ STRANDAFJELLET KF**

Styreleiar Rolf Myklebust orienterte om økonomiske og administrative problem i Strandafjellet KF. Mellom anna kom det fram at årsunderskotet kan bli om lag 7 mill. kroner dersom leigeinntekter blir innbetalt og om lag 16 mill. kroner dersom leigeinntektene ikkje blir innbetalt. Likviditeten i føretaket er kritisk og han understreka at det er kommunen sitt ansvar at føretaket kan betale sine rekningars ved forfall.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 33/12**ORIENTERING OM ARBEIDET MED OVERORDNA ANALYSE**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å utsette til neste møte.

SAK 34/12**STATUS FOR REVISJONSARBEIDET**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å utsette.

SAK 35/12**OVERSIKT OVER SAKER TIL OPPFØLGING**

Saksutgreiing datert 18.09.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Når det gjeld dokumentasjon av VAR- området i samsvar med kommunestyresak 114/11
meinte rådmannen at dette arbeidet vil kunne bli utført i november i år. Andre saker til
oppfølging vart også nemnt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar rådmannen sin dokumentasjon innan VAR- området. Andre saker til
oppfølging blir gjennomgått i neste møte.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Tove Iren Knivsflå¹
vara medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 24.10.2012

**SAK 37/12
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – STRANDA KOMMUNE**

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I samanheng med dei siste endringane i kommunelova knytt til internt tilsyn og kontroll, §§ 74-81, vart det laga nye forskrifter til § 77 (kontrollutval) og § 78 (revisjon).

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd vart kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

"Kontrollutvalget skal påse at komunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel."

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapporter om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter, § 12.

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Eit risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskriftera krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Vedlagte plan for forvaltningsrevisjon bygg på dei prinsippa som regelverket føreset og det er gjennomført spørreundersøkingar med tanke på å finne dei mest optimale revisjonsområda. Prosjekta er lista opp nedanfor i prioritert rekkefølgje. Med utgangspunkt i det omfattande analysearbeidet som her er gjort, sluttar kontrollutvalsekretariatet seg til dei prioriteringane som kjem fram av planen.

På bakgrunn av ovanstående legg kontrollutvalet saka fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :

Kommunestyret prioriterer forvaltningsrevisjonsprosjekta i plan for forvaltningsrevisjon i følgjande rekkefølge:

1. Skjerming av lovpålagde oppgåver i ein situasjon med budsjettkutt.

2. Eventuelt prosjekt knytt til dei kommunale føretaka.

3. Sjukelønnsrefusjon – NAV.

Kontrollutvalget får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinhald innanfor kvart tema som kommunestyret gjer vedtak om.

Harald Rogne
dagleg leiar